

Språkprisen 2019 – vinnartale frå juryen

Årets vinner av Språkprisen er ein forfattar som er i stand til både å formidle fagkunnskap og argumentere ryddig og lettfatteleg, samtidig som tekstane har karakteristiske innslag av språkleik og humor.

Ho er mest kjend som ein framifrå formidlar av språkkunnskap, og som samfunnsdebattant med spesiell interesse for kjønn. Gjennom ei rekke bøker har ho gått i djupna på kjønnsroller, identitet og transproblematikk. Språkprisen for 2019 går til Kristin Fridtun, og her kjem grunngjevinga frå juryen.

Kristin Fridtun er frå Elverum og vart fødd i 1987. Ho har hatt eiga språkspalte i vekeavisa *Dag og Tid* i drygt ti år og debuterte som forfattar med boka *Norsk etymologisk oppkok* i 2012.

I forfattarskapen er ho innom mangfoldige emne. Ho driv etymologisk utgraving basert på solide kunnskapar i norrøn filologi. Kombinasjonen av gode analytiske evner og evna til å sjølv finne klargjerande språklege bilete gjer Fridtuns tekstar både lærerike og underhaldande. Fridtun lærer oss å vere meir kritiske i omgang med dei orda vi røyner verda med.

Ho får Språkprisen 2019 for bøkene *Kjønn og ukjønn. Ordhistoriske essay* (2015), *Homoflokar* (2018) og *Språket er ei bukse. Om biletbruken i norsk språkdebatt* (2019).

I *Kjønn og ukjønn* syner Fridtun at bruken av omgrepet kjønn er noko heilt anna i dag enn det var før. Tydinga har endra seg opp gjennom hundreåra, og bruken har nærmest eksplodert sidan Ivar Aasen i si tid konstaterte at kyn (kjønn) var «lidet brugeligt». Den forvirrande bruken av ordet kjønn i dag ser ho i samanheng med eiga kjønnsforvirring i barndommen.

Homoflokar er ein pamflett som gjer det svært tydeleg at for mange er det ingen veg utanom erfaringa av at det personlege er politisk. Her argumenterer Fridtun klårtenkt for at den nye aksepten for homofil seksualitet framleis definerer homofile som «dei andre». Teksten demonstrerer at det å nytte eiga erfaring slett ikkje treng å føre forfattaren ut i ein pøl av kjensler. Men det personlege kan i staden inngå i ein elegant symbiose med fagkunnskap og analytisk evne.

I *Språket er ei bukse* leier Fridtun oss gjennom språkvitskaplege teoriar med kreativt pedagogisk driv. Samtidig bind ho dette saman med hissige delar av dei norske språkdebattane heilt frå 1850 og fram til dagsaktuelle stridsspørsmål. Ho flettar inn si eiga språklege oppvakning og konvertering frå bokmåls- til nynorskbrukar, men maktar likevel å stå fram som nøytral i gjennomgangen av heimlege språkpolitisk brennbare tema.

Fridtun skriv konservativ nynorsk med så god flyt at lesaren raskt venner seg til former som «mestsom» og «andsynes». Saman med dei personlege erfaringane ho flettar inn, har ho såleis utvikla ein stil det er lett å identifisere som «fridtunsk».

Som ho sjølv slår fast i *Språket er ei bukse*: «Det norske språket er nykelen til Noreg. Godt språk er nykelen til suksess.» Dette har ho sjølv demonstrert til fulle. Vi gratulerer Kristin Fridtun med Språkprisen 2019!